IPT Telemark

Protokoll

Vår dato	Revisjon	Vår referanse
22.05.2014		14/00500-8

Utarbeidd av
Amund Johnsrud

Til

Kopi til

Protokoll. Årsmøte i IPT Telemark 8. mai 2014

Tid/stad: Torsdag 8. mai kl 19.00. Heime hos Vetle Øverland på Meltvedt, Voldsvegen 672, Skien.

1. Innleiing/velkomen

Vetle Øverland leiar av arbeidsutvalet, ønskte alle velkomen til møtet.

Følgjande var til stades:

Med røysterett:	*Gjester:*
Geir Holen	Keth Løvberg
Rita Lyngmo	Kari Sæthre
Solfrid Tveitan	Linda Vala
Camilla Fauske	Margrete Bråten
Leiv Bjørge	Tone Vildalen
Dag Anders Oterkiil	Anette Lauritzen
Geir M. Andersen	Grethe Lauritzen
Anita Høidalen	Geir Lauritzen
Hanne Årlid	Liv Aakre
Ingrid Thorseth	
Vetle Øverland	Amund Johnsrud, sekr

i. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling, datert 4. april 2014 var sendt alle IPT-medlemmar pr. e-post. Innkalling vart også lagt ut på Facebooksida vår: Inn på tunet Telemark. seinare påminning pr sms. Temadelen av møtet vart i tillegg annonsert i TA og Varden.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

ii. Val av 2 til å underskrive årsmøteprotokollen

Vedtak: Anita Høidalen og Solfrid Tveitan.

2. Fagtema

Orientering om IPT og aktivitetstilbod for personar med demens v/Ingunn Sigstad Moen, Løten.

Ingunn har utvikla eit aktivitetstilbod på garden sin Lillehov i Løten. Samarbeider med Løten kommune og nabokommunen. Ingunn har også etablert eit forretningsmessig samarbeid om IPT i lag med ein nabogard, gjennom selskapet Goal as.
Ingunns presentasjon er lagt ved protokollen

Vår dato	Revisjon	Vår referanse
22.05.2014		14/00500-8

3. Årsmelding og rekneskap 2013

Amund Johnsrud presenterte årsmeldinga for 2013. Meldinga blei lagt fram på årsmøtet, og var også lagt ut på Facebook nokre dagar fåør årsmøtet

Når det gjeld rekneskapen for 2013, blir den revidert og godkjent som ein del av Telemark Bondelag si avdelingsrekneskap i Norges Bondelags rekneskap, slik at formell godkjenning skjer på NBs årsmøte i juni

Vedtak:
Årsmeldinga vart godkjent.

Inntekter	
Kontingent	11 500,00
Deltakaravgift fagtur	3 000,00
Tilskot overført frå 2012	3 798,65
FMLA, tilskot fagtur	14 600,00
	32 898,65
Utgifter	
Møtegodtgjering	3 879,40
Leige buss fagtur	7 560,00
Honorar vertar fagtur	11 400,00
Bilgodtgjering	950,50
Møte	1 797,00
Materiell	450,00
	26 036,90
Resultat 2013	**6 861,75**

Vedtak:
Årsmøtet gir si godkjenning til rekneskapen for 2013, slik at den kan inngå som ein del av Telemark Bondelags avdelingsrekneskap i Norges Bondelag.

4. Kontingent 2014

Amund presenterte kontingent forslag til kontingent for 2014

Vedtak
Kontingent for 2014 vert sett til kr. 500,- pr. bruk, det same som i 2013.

5. Aktivitetar og tiltak i 2014

Årsmøtet drøfta ulike innspel og forslag til aktivitetar og tiltak for året:

Open gard
Vurdere om eitt Open gard-arrangement til hausten kan vere på ein gard som driv med IPT

Dyrsku'n i Seljord
12-14. september. Ønskje om å presentere IPT og nettverket på Dyrsku'n. Amund sjekkar om vi kan ver med på Bondens møteplass saman med dei andre landbruksorganisasjonane

Vår dato	Revisjon	Vår referanse
22.05.2014		14/00500-8

Presentasjonsfaldar
Lage ein faldar eller tilsvarande som informerer om IPT som tilbod retta mot barn og ungdom

Kvalitetssikringssystem/godkjenningsordning
Marknadsføre kvalitetssikringssystemet for IPT mot aktuelle kjøpargrupper

Vedtak:
Årsmøtet og Arbeidsutvalet merkte seg innspela til aktivitetar for nettverket i 2014.

6. Val

Geir M. Andersen og Dag Anders Oterkiil frå valnemnda orienterte om saka, og leia valet.

Arbeidsutval
Medlemmar
Hanne Årlid, Seljord Attval for 2 år
Ingrid Thorseth, Bø Attval for 2 år

Varamedlem
Geir Holen, Bamble Attval, for 1 år

Ikkje på val i 2014
Leiar: Vetle Øverland, Skien

Valkomité
Geir M. Andersen, Skien Attval, for 2 år
Dag Anders Oterkiil, Skien Ikkje på val i 2014

Alle val var samrøystes.

Som avslutning, takka Vetle for engasjementet og innspela på møtet. På vegner av AU såg han fram til samarbeidet med medlemmane i det nye arbeidsåret, før han ønskte alle vel heim.

Møtet slutt kl. 22.00.

Solfrid Tveitan

Anita Høidalen

Amund Johnsrud, referent